

Vedlegg til skjema for AvtaleGiro

Sygna ynskjer at betaling av skulepengar, kostpengar og internatleige skjer ved avtalegiro. Det lettar vår handsaming, og sikrar at vi får registrert rett innbetaling på rett elev. Både for dei som vel å nytte avtalegiro, og for dei som vel å betale fakturarane manuelt, vil vi nytte e-post til all utsending av fakturaer. Dei som har autogiroavtale med Sygna frå før, treng ikkje fylle ut nytt skjema no dersom det ikkje er endringar i avtalen. Døme på endringar kan vera nytt kontonummer eller endring av beløpsgrense pr. måned.

Vi rår til at du set beløpsgrensa pr. trekkmånad til minst kr 12 000,-. Vi vil uansett ikkje trekke meir enn den summen som står på fakturaen. Dersom beløpsgrensa er lågare enn summen som står på fakturaen, vil ikkje noko av summen bli trekt, og fakturaen blir ståande ubetalt.

Det er viktig at kontonummer er eigd av same person som står med namn, adresse og signatur. Til dømes dersom det er føresette sin konto fakturaen skal trekkjast frå, må føresett sitt namn, adresse og signatur stå. Til informasjon får elevar under 18 år i hovudsak ikkje lov til å opprette avtalegiro, men bankane har ulike praksis på dette. For at dette då skal gå i orden, må ein ta direkte kontakt med banken sin.

Litt om betaling

Eleven får pengar frå Statens lånekasse inn på ein konto han/ho eig. På eleven sine sider på www.lanekassen.no kan ein velje kva konto ein vil nytte. Dersom ein ynskjer at pengane skal kome inn på føresette sin konto, må ein sjølv ordne dette med Lånekassen. Vi vil anbefale at føresette sin konto blir belasta for betalinga til Sygna:

- då kan ein lage til ei fast avtaleoverføring frå eleven til føresett den dagen utbetalinga frå lånekassen kjem inn på eleven sin konto.

Ei anna løysing er at eleven sitt kontonummer blir belasta for betaling til Sygna:

- eit alternativ kan vera å opprette ein ny konto for eleven utan betalingskort (då ein er sikra at det er nok pengar på kontoen til fakturaen blir trekt).

Det er viktig at sjølv om ein har oppretta avtalegiro, at ein følgjer med på kontoen sin at fakturaen blir trekt kvar måned. Fakturaen for august må ein alltid betale manuelt.

Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål.